

# ”Heime og på støle”

## - områdetiltak for satsing på stølsbruken i Vestre Slidre



Flyin mot Storfjorden og Grunke

### **Korleis sikre stølsbruken og dei verdifulle kulturlandskapa?**

Stølane har i mange hundre år vore svært viktige for landbruket i Slidrebygdene, og kulturlandskapet i fjellet ber sterkt preg av dette. Landbruket i Vestre Slidre har den mest aktive stølsbruken i heile landet, over 95 % av mjølkebruka tek buskapen til fjells om sommaren. Dei fleste stølane finn vi i tettbygde stølslag på dei frodige, flate viddene i Vestfjellet.

Områda i Vestfjellet er peika ut som eit viktig natur- og kulturlandskap av Nordisk Ministerråd og dette er også dokumentert gjennom fleire andre undersøkingar. Nedgangen i landbruket trugar no dette landskapet og den livsforma som har skapt stølslandskapet vi kjenner i dag. Det gamle kulturlandskapet med levande tradisjonar og stort biologisk mangfald er Valdreslandbruket sitt viktigaste bidrag til storsamfunnet.

Merkevareprogrammet for Valdres ser stølsbruken og verdiskapinga den representerer som vårt sterkaste kort for å oppretthalde eit tradisjonelt og mangesidig landbruk i bygdene våre. Vestre Slidre kommune og Vestre Slidre fjellstyre ynskjer no å satse offensivt for å sikre stølinga i kommunen. Valdres utmarkskontor fekk våren 2005 i oppgåve å lage eit forprosjekt for å undersøke om eit områdetiltak er ein tenleg måte å organisere ei slik satsing på, og å skissere kva for målsetjing ei slik satsing bør ha.

Denne sluttrapporten tek for seg dei viktigaste arbeidsoppgåvene og erfaringane frå forprosjektet. Arbeidsgruppa ser områdetiltak som ein god måte å mobilisere gardsbrukarane på. For mange er det drifta dei 10 månadane nede i bygda som er utfordringa, for andre er det stølsdrifta. Skal vi ha ein aktiv stølsbruk, må tiltaka kome der det er mest behov for dei, anten det er heime eller på stølen. Forprosjektet har difor fått tittelen ”Heime og på støle”.

### **Viktige, men truga driftsformer og kulturlandskap**

Totalt er det 405 landbrukseigedomar med meir enn 5 daa jordbruksareal i Vestre Slidre, 380 av desse har over 25 daa. jordbruksareal. Under halvparten er i dag arbeidsplass for aktive bønder. I 2002 søkte til saman 220 om driftstilskot, tre år seinare var talet 184. I januar 2006 søkte 144 om driftstilskot for dyr og det var i alt 12 samdrifter. (Dei som ikkje har dyr søker fyrst om produksjonstilskot på hausten). Den største nedgangen er blant det små føretaka.

I 1994 var det 130 mjølkeprodusentar i Vestre Slidre, og 86 % av desse var på stølen. I 2005 er det 90 mjølkeprodusentar. Dvs. 40 færre enn for 10-12 år sidan. Nedgangen har vore størst dei aller siste åra. Vi har no 72 aktive tradisjonelle stølar, og i tillegg 7 fellesstølar. Dvs. at 86 av 90 besetningar, eller 95,5 % av mjølkeprodusentane, har mjølkekyr på stølen på sommaren. Dei fleste har fritt beitande besetningar, medan fellesfjøsa har kyrne på inngjerda beite.

Det er altså blitt færre mjølkeprodusentar, men sett i forhold til talet på bruk er det fleire som stølar. I tillegg nyttar så godt som alle aktive gardsbruk stølane til beitedyr og forproduksjon. Dette viser kor viktig stølinga er for folk, både når det drift og trivsel. Driftstilskota for støling er ein viktig del av inntekta. Etter den nye ordninga har samdriftene no høve til å splitte opp buskapen og støle kvar for seg, med fritt beite som før. Brukarane får stølstillegg kvar for sin buskap/fjøs. Vi har mange aktive stølslag med god infrastruktur som godt utbygd vegnett for nyttetransport, mjølkebil, skulebuss og anna ferdsel. Straumtilførselen blir stadig betre. Dette er gode investeringar som legg grunnlag for ei modernisert, men likevel tradisjonell støldrif.

Landbrukseigedomar med drift må ha minst 30.000.- kr i omsetjing for å få tilskot. Dei mindre bruka er gjerne dei siste som stølar i eit stølslag og som har dagleg tilsyn med dyra i fjellet. Desse mindre besetningane er i sum svært viktige for oppretthalding av nettverket mellom bøndene og det tradisjonelle kulturlandskapet. Det har i fleire år vore på tale å auke inntektsmålet til 50 000.- kr for å kunne få tilskot og for å trekke frå meirverdiavgifta. Dette vil føre til at svært mange sluttar med dyr. Direkte og indirekte auka i verdiskapinga av støldriften kan vere med å sikre gardsbruket ei inntekt som gjer det verdt å satse vidare.



Jaslangan mot Helin, eit vakkert og variert stølsområde, men få buskarar gjer at attgroing går raskt også her.

## Arbeid i forprosjektet:

**Utgangspunkt:** Fjellstyret tok initiativ til eit samarbeid med utmarkskontoret for å sjå på verdiskaping på stølane (eks. utleige av stølshus).

**Opne møte om stølsutleige og områdetiltak.** På fyrste møtet den 2. mai, der også Valdres hytteutleige deltok, vart det klart at folk var klare for meir satsing enn berre stølsutleige. Fjellstyret og kommunen ynskjer å satse meir på stølsbruket, og det vart difor invitert til eit nytt folkemøte den 25. mai. Då deltok heile 40 personar. Resultat:

1. Kommunen og fjellstyret bestemte seg for å satse på eit områdetiltak for alle stølane i Vestre Slidre (dei fleste ligg i Vestfjellet og innanfor statsallmenningen). Forsamlinga ynskje også at det skulle arrangerast ein studietur til Lofoten og Borg områdetiltak. Utmarkskontoret utarbeidde i samarbeid med fjellstyret og landbruksavdelinga i kommunen eit opplegg for dette med kostnadsoverslag.
2. Fjellstyret og formannskapet følgde opp vedtaket med å løyve 20 000.- kr kvar til studietur og 20.000.- kr til forprosjekt for områdetiltak for stølane i Vestre Slidre.
3. Studieturen fekk etter søknad, tilskot på 20.000.- frå FMLA. Deltakarane betalte vel 3000.- kr i eigenandel (over 42.000.- kr til saman).

**Studietur til Lofoten.** Den 11.- 14. august reiste 14 deltakarar frå Vestre Slidre + reiseleiar på studietur til Borg områdetiltak i Lofoten. På oppsummeringsmøtet i etterkant av turen vart det vist lysbilder og diskutert korleis vi kan bruke erfaringane for å lage eit eige områdetiltak for stølane i Vestre Slidre. Deltakarane drog fram tre viktige erfaringar frå turen:

- Synlege resultat og framleis stor aktivitet i området. Mange eksempel på tiltak i kulturlandskapet og møte med folk som deltok i bygdeutviklinga viste at det nyttar å satse på områdetiltak.
- Motivasjon til satsing, ”dette var ein læretur om haldningar og verdiar, like mykje som om tiltak for bygdemobilisering og bygdeutvikling”. Borg områdetiltak førte til meir trivsel og tru på framtida i lokalmiljøet. Ungane og ungdomane byrja sjå verdiane.
- Nytt syn på eigne ressursar: Deltakarane fortalde at dei fekk eit anna syn på vertskapsrolla (såg kor stolte folk var over eige område – og den gleden dei hadde av å formidle dette), samarbeide på grendenivå/stølsnivå (felles strategi for utvikling av dei ulike områda), lyst til setje i gang fleire tiltak heime (meir rydding i Murkelie mm)



Lofotlam – ei merkevare under oppbygging. Valdrisar på synfaring i utmarka på Eggum, Yttersida av Lofoten.

**Arbeidsgruppa:** Forprosjektet har ikkje hatt noko formell styringsgruppe, men representantar frå oppdragsgjevarane har fungert som arbeidsgruppe. Her deltok Anne-Marie Mørstad og Harald Ranum i førebuinga til oppstartsmøta, studieturen og etterarbeidet. Valdres utmarkskontor ved Hanne Lykkja har vore prosjektleiar. Ordførar Eivind Brenna og fjellstyreleiar Kjell Strand deltok og på eitt av møta, saman med leiar for allmeningsstyret, Olav Røn.

**Kontakt med stølsbrukarane og kartlegging av stølsområda.**

Prosjektleiar har i tillegg til synfaringar og fotografering i området delteke på fleire møte med stølsbrukarane og hyttefolk på Murkelie sommaren 2005. Vinteren 2006 tok eldsjeler på Jaslangen initiativ til møte om satsing der.



Vestre Slidre har nye gode ortofoto (kartrette flybilde) i fargar for heile kommunen. Ortofoto er eit svært godt utgangspunkt for planlegging av tiltak. Her ser vi Nørre Trøllhøvd, eitt av dei mest intakte stølsлага vi har.



På stølslaget Murkelie er dei godt i gang med rydding av skog og kratt på og kring stølane. Her har stølsbrukarane og hyttefolka, som og er medlem i stølsvegen, også planar for rydding og skilting av gamle vegar.

## **Oppsummering: Tida er moden for samordna innsats!**

Mobiliseringa er i gang og folk er motiverte. Fleire tiltak er i gang og det har utløyst midlar. Eit eksempel er stølslaget Murkelie og dei mange positive ringverknadane som forprosjektet har utløyst der. I Strø er det arrangert kurs om ivaretaking av gamle stølsbus i lag med landbrukskontoret. Stølslaget Jaslangen jobbar i lag med kultur- og landbrukskontoret og Styret for Jørn Hilme-stemnet om ein fjellkonsert. Fjellstyret har kontakt med hyttebrukarar som på eige initiativ ryddar stigar frå Flikja til Grønsenn. Det er mange som ynskjer å ta eit tak, men som er usikre på . Områdetiltaket vil vere med å utløyse denne tiltakslysta.

Satsingsområde med midlar til tiltak og drift: Landbrukskontoret har søkt midlar til drift av områdetiltak og til tiltak på stølane, og fekk 30 % meir i SMIL-midlar i 2006. Kulturlandskapsgruppa gjekk på møte den 22. mars inn for å satse på områdetiltak. Valdres er eit av 10 pilotområde for det nasjonale programmet "Kulturminne og verdiskaping". Det er naturleg å søke ein nær dialog og samarbeid med Merkevarerprogrammet og fylkesstyresmaktene i denne samanheng. Det same gjeld regionen si satsing på gards- og stølsturisme.

Nye rammer for landbruket: Fylkesmannen varslar at ved rullering av Regionalt miljøprogram i 2009 vil overføringane til landbruket bli vridd ytterlegare mot landskap og miljø. Regjeringa vil prioritere nasjonale mål og område (det er ein fordel for Valdres og stølsdrifta her). I den "grøne boksen" inngår planar om samordning av tilskot i stølsområde, høgare tilskot for areal og dyr i utvalde område, anna innretning av tilskot til innmark på stølsområde, styring av beitebruken vha. tilskot, større vekt på ekstensivering av drift og strengare krav til planar for tiltak på stølen/garden. (Ref. Stig Horsberg, møte om Stølsvidda, Ulnes 28.03.06). Ei samordna satsing vil gjere gardbrukarane i Vestre Slidre godt rusta til å møte denne omstillinga.

### **Alt 1) Samordna satsing – "heime og på støle"**

Kommunen og fjellstyret kan velje å bruke eit treårig områdetiltak som oppstart for å redde stølsdrifta i Vestre Slidre. Skal vi få til det, må vi jobbe "både heime og på støle" – med tilbod til dei 91 mjølkebruka og alle andre som ynskjer å bruke stølane aktivt.

Det er eit mål å få til ei full stilling på satsingsområdet. Koordinator og pådrivar kan plasserast ved landbrukskontoret og evt. kombinerast med den halve stillinga ved kontoret. Mobiliseringsarbeid i lag med stølsbrukarane, arbeid med beitebruksplan, SMIL-midlar og andre utviklingsprosjekt, BU-søknadar er naturlege oppgåver i denne samanheng. Den kommunale eigeninnsatsen tilsvarar om lag ei halv stilling. Satsinga vil altså ikkje føre til endringar i budsjettet. Midlar til områdetiltak og tilskot frå fjellstyret og Oppland fylke søkast for å etablere ei full stilling. Innan 1. november 2006 må vi ha eit opplegg for søknad om SMIL-midlar for 2007. Då er det viktig å vise til resultat av det som blir sett i gang i år.

Styret for områdetiltaket bør vere samansett av representantar frå kommunen, fjellstyret og stølsbrukarane. Eit nært samarbeid med allmenningstyret, reiselivet og ulike lag og organisasjonar er ein føresetnad. Dette vil variere avhengig av saksområde og type tiltak.

### **Alt 2) Tiltak på utvalde støslag.**

Dersom det ikkje er vilje til å satse offensivt for å bevare stølslandbruket i Vestre Slidre, kan vi velje ut nokre støslag der ein gjennom SMIL- og BU-midlar o.l. kan jobbe med tiltak for trivsel og tilrettelegging for ferdsel, ivaretaking av utvalde bygningsmiljø og kulturlandskap. (Rydding, beite, skjøtsel og istandsetjing av verdifulle bygningar). Det kan sjå ut til at Murkelie, Strø og Jaslangen utmerkar seg som dei mest aktuelle områda, her er det alt engasjement og motiverte folk. Det er tilsaman 5-6 mjølkeprodusentar på desse støslaga.

## Konklusjon:

Prosjektleiari tilrår at oppdragsgjevarane går vidare med eit hovudprosjekt der målet er å sikre stølsbruken i Vestre Slidre. Arbeidsmåten er å søke ein direkte dialog med den einskilde gardbrukar, og å jobbe med dei gardbrukarane og dei støslaga som ynskjer eit samarbeid dei neste tre åra. Det er eit mål å iverksetje tiltak der det trengst mest, anten det er heime eller på stølen. Sjå alternativ 1. Dette er i samsvar med dei signala vi har fått frå stølsbrukarane og deltakarane på studieturen. Arbeidsgruppa er einig i dette.

## ”Heime og på støle” – målsetjing med satsinga:

1. **Vestre Slidre skal om 5 år ha den mest aktive stølsbruken i Valdres.** Areal skal brukast aktivt, støslaga skal vere prega av stølsdrift. Dette skal vi gjere ved å fokusere på brukarane i Vestre Slidre. Tiltak for å ta vare på kulturlandskap og levande stølar skal byggje på det brukarane ynskjer og har behov for, ikkje omvendt.
2. **Stølsbruken i Vestfjellet skal bygge merkevara Valdres,** og gje satsinga eit innhald når det gjeld profileringa av landbruket i Valdres. Hovudvekta vil vere på tradisjonell stølsbruk, (som er det mest særigne for Valdres) men og utvikle samdrifter, geitestølar, drift med ammekyr og anna beitebruk vidare. Særpreg og identitet ved støslaga skal underbyggjast og forsterkast av dei tiltaka vi set i gang.
3. **Rekruttering til landbruket:** Motivering og rådgjeving ved generasjonsskifte for å sikre vidare drift av gardane og stølane bør inngå i satsinga. Samarbeid med t.d. Valdres Næringshage (etablerarkurs, satsing på utmarksbasert næringsutvikling mm).
4. **Økonomi og inntening:** Det skal løne seg å drive gardsdrift i Vestre Slidre. 95,5 % av mjølkeprodusentane driv på stølen og det skal framleis vere lønsamt å drive med stølsbruk her om 5 år. Tiltak kan vere tilbod om ressursvurdering av bruka og økonomisk rådgjeving.
5. **Trivsel og ny utvikling:** Gardbrukarane skal ha eit interessant og triveleg arbeidsmiljø både heime og på stølen. Sikkerheit i landbruket, nettverk og samarbeid om drift og ulike tiltak skal vektleggjast.  
  
Kultur- og næringsutvikling er to sider av same sak når det gjeld bygdeutvikling. Tiltaka skal underbyggje vår identitet og den eigenart og særpreg som kulturlandskapet vårt har. Prosjektet bør bidra til å dokumentere og formidle natur- og kulturhistoria for nye generasjonar.
6. **Satsinga på gardsdrifta og stølane skal følgjast opp vidare.** Områdetiltaket er oppstarten på ei langsiktig satsing på landbruket i Vestre Slidre – *heime og på støle*.

Hanne Lykkja,  
Prosjektleiari, Forprosjekt områdetiltaket ”Heime og på støle”  
Valdres Utmarkskontor, 29.03.06